



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 18.11.2015
Tid: 14:00 – 17:10

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Arne Prestbø	Medlem	H
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Vigdis Røen Leirvik	Agnar Aarskog	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Andreas Moe Larsen	Ass. rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef

I sak PS 96/15 møtte tillitsvald Katrin Innvær Ankervold og gruppeleiar i SP Grete Marit Veka Maraas.

Wenche Tislevoll
Ordførar

Vigdis Røen Leirvik

Arne Prestbø

Bente Fitjar
Møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 95/15	Godkjenning av protokoll	
PS 96/15	Intensjonsavtale i samband med kommunereform	
PS 97/15	Håkonar Næringspark - status november 2015	
PS 98/15	Reglement for valnemnda	
PS 99/15	Ymse	
PS 100/15	Meldingar	
PS 101/15	Oppseiing av avtale mellom Fitjar kommune og Hordaland fylkeskommune om sekretariatstenester for kontrollutvalet	

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

PS 95/15 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet godkjenner protokoll frå møte 04.11.2015

Behandling i Formannskapet - 18.11.2015:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 96/15 Intensjonsavtale i samband med kommunereform

Framlegg til vedtak/tilråding:

1. Fitjar kommunestyre vedtek intensjonsavtale om kommunereform i Sunnhordland som vedlagt. Fitjar kommune ønskjer å delta i den vidare prosessen sjølv om ikkje alle fem kommunane sluttar seg til intensjonsavtalen.
2. Ordføraren representerer Fitjar kommune i dei avsluttande forhandlingane. Utvida formannskap er referansegruppe.
3. Målsetting for når forhandlingane skal vera ferdige blir endra til innan utgangen av januar.
4. Det skal haldast rådgevingande folkerøysting etter at det er semje om ein endeleg avtale.
5. Kommunestyret får saka til endeleg handsaming etter folkerøystinga.

Behandling i Formannskapet - 18.11.2015:

Saka vart handsama i utvida formannskap, med tillitsvald Katrin Innvær Ankervold og gruppeleiar Grete Marit Veka Maraas (SP) i tillegg til medlemene i formannskapet.

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om bakgrunn for saka.

Utvida formannskap drøfta saka. Her er mange usikre moment, og det er kome lite konkret informasjon frå departementet. Nytt inntektssystem kjem på høyring i desember. Ein meiner at intensjonsavtalen er eit godt dokument som grunnlag for vidare forhandlingar.

Tilråding: (Samrøystes)

1. Fitjar kommunestyre vedtek intensjonsavtale om kommunereform i Sunnhordland som vedlagt. Fitjar kommune ønskjer å delta i den vidare prosessen sjølv om ikkje alle fem kommunane sluttar seg til intensjonsavtalen.
2. Ordføraren representerer Fitjar kommune i dei avsluttande forhandlingane. Utvida formannskap er referansegruppe.
3. Målsetting for når forhandlingane skal vera ferdige blir endra til innan utgangen av januar.
4. Det skal haldast rådgjevande folkerøysting etter at det er semje om ein endeleg avtale.
5. Kommunestyret får saka til endeleg handsaming etter folkerøystinga.

PS 97/15 Håkonar Næringspark - status november 2015

Framlegg til vedtak/tilråding:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 18.11.2015:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) og rådmann Atle Tornes orienterte om dagens situasjon vedk. areal i Håkonar næringspark.

Formannskapet drøfta vidare utvikling av næringsparken, og om ein evt. skal setja i gong arbeidet med ny reguleringsplan for området.

Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet tek orienteringa til vitande.

PS 98/15 Reglement for valnemnda

Framlegg til vedtak/tilråding:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Behandling i Formannskapet - 18.11.2015:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) ynskjer utarbeiding av nytt reglement for valnemnda.

Reglement for øvrige utval er nyleg omarbeida, og treng ikkje grundig gjennomgang no.

Formannskapet la føre felles framlegg til vedtak:

Formannskapet set ned eit politisk utval som skal utarbeida nytt reglement for valnemnda, og rullera reglement for andre utval. Utvalet vert sett saman av eitt medlem frå kvart parti, partia sjølv utnemner kandidat til utvalet. Utvalet skal vera klart innan 16.12.15.

Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet set ned eit politisk utval som skal utarbeida nytt reglement for valnemnda, og rullera reglement for andre utval. Utvalet vert sett saman av eitt medlem frå kvart parti, partia sjølv utnemner kandidat til utvalet. Utvalet skal vera klart innan 16.12.15.

PS 99/15 Ymse

Behandling i Formannskapet - 18.11.2015:

Orienteringar frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

Tillyst møte i formannskapet 2. des vert flytta til 1. des, då ordførar og rådmann er innkalt til møte på Stortinget i høve strandsoneplan.

Folkevaldopplæring vert 2. og 3. februar 2016 v/Petter Steen.

Håkon Frode Særsten v/Litlabø asylmottak orienterte om at vert arbeida med eit mottak for 12 mindreårige jenter i Fitjar.

Oppnemnt representant frå formannskapet til Kyrkjeleg fellestråd: Sigurd André Maraas (FRP).

Spørsmål frå representanten Dagfinn Brekke (KRF):

Utfordringar med drift av IKT i Fitjar kommune, har vore mykje avbrot dei siste månadene. Bør ein setja ut tenesten til eksterne aktørar?

Svar frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

IKT-avdelinga i kommunen jobbar konstant med saka, men dette må no verta ordna opp i slik at ein slepp stadige avbrot. Fitjar kommune har avtale med Atea på IKT-tenester, her bør ein ha ein snarleg og grundig gjennomgang å få ei løysing på utfordringane med drift av IKT-systema.

Orientering frå rådmann Atle Tornes:

Sak PS 92/15 – Oppseiing av avtale mellom Fitjar kommune og Hordaland fylkeskommune om sekretariatstenester for kontrollutvalet – handsama i formannskapet 04.11.15, skal handsamast i kontrollutvalet før den går til kommunestyret. Nytt vedtak i saka vert lagt føre i sak PS 101/15 i dette møtet.

PS 100/15 Meldingar

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet tek meldingane til vitande.

Behandling i Formannskapet - 18.11.2015:

Meldt i møtet:

- Plan for idrett, friluft og kulturanlegg 2009-2013 – skal på rullering
- Referat frå møte i Samarbeidsrådet 30.10.2015
- Vidare arbeid med kommunereform
- Endra føresetnader budsjett
- Referat frå generalforsamling LVNK

Delt ut i møtet:

Melding om skatteinngong oktober 2015
- Rådmann Atle Tornes orienterte

Sendt på iPad 18.11.15:

- Møteprotokoll frå klagenemnda for stadnamnsaker
- Namnesak for Raunholm frå Kartverket
- Innspel til budsjett frå FKIB
 - Representanten Sigurd André Maraas (FRP) stilte spørsmål om detaljer om økonomien i FKIB AS. Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte.

- Formannskapet ynskjer nærare informasjon om drifta av FKIB AS, administrasjonen legg føre sak i neste møte.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 101/15 Oppseiing av avtale mellom Fitjar kommune og Hordaland fylkeskommune om sekretariatstenester for kontrollutvalet

Framlegg til vedtak/tilråding:

1. Fitjar kommunestyre seier opp avtalen mellom Fitjar kommune og Hordaland fylkeskommune om sekretariatstenester for kontrollutvalet.
2. Rådmannen får fullmakt til å lyse sekretariatstenester for kontrollutvalet ut på anbod, eventuelt i samarbeid med nabokommunar. Kommunestyret tek avgjerd om val av leverandør.

Behandling i Formannskapet - 18.11.2015:

Rådmann Atle Tornes orienterte om at han hadde fått melding frå leiar i kontrollutvalet at sak om oppseiing av sekretariat for kontrollutvalet etter regelverket skal handsamast av kontrollutvalet før ho går til kommunestyret. Formannskapet lyfte dette opp som sak, og gjorde følgjande;

Vedtak: (Samrøystes)

Sak PS 92/15 Oppseiing av avtale mellom Fitjar kommune og Hordaland fylkeskommune om sekretariatstenester for kontrollutvalet vert å senda til kontrollutvalet for handsaming, og vidareending til kommunestyret.